

Bergpreika: Vårt forhold til Gud

Matteus 6,1–34

Tilbakeblikk

Kapittel 5 kan, veldig grovt, seiast å handle om vårt forhold til andre. Det kan gjerne oppsummerast som å sjå andre med Guds blick. Guds blick er eit kjærleg blick. Det ser verdi i menneske som har lav status i samfunnet. Og med dette blikket kan ein ikkje eingong *tenkje* på å gjere medmenneska noko vondt.

Kapitlet avslutta med ei formaning om å vere fullkomne, slik Gud, som vår far, er fullkomen. Å vere fullkomen var her ikkje å vere perfekt, men å vere heilstøypt, dvs at det indre og det ytre heng saman. Våre gjerningar skal komme innanfrå. Når vi i vårt indre ser andre med Guds blick, vert våre ytre gjerningar deretter.

Gud som far

Tanken om Gud som far leier over til kapittel 6, der det handlar mykje om vårt forhold til Gud. Vi får høyre om 3 slags fromme gjerningar, 3 val mellom alternativ, og 3 bekymringar for framtida.

At Gud er far, er eit bilete, ein metafor. Nokre synest å meine at fordi Gud er far, må Gud nødvendigvis også vere mann. Men det vert feil. Gud er ikkje *bokstaveleg* ein far, akkurat som at Gud heller ikkje bokstaveleg er ei borg eller festning (Salme 18,3), eller at Jesus ikkje bokstaveleg er ei dør (Joh 10,7).

Dei fleste slike metaforar har berre eitt poeng. Men biletet med Gud som far synest å ha fleire. 3 slike poeng, kanskje 4, er synlege i Bergpreika:

- (1) Vi har Gud som ein å etterlikne, som vi såg på slutten av kapittel 5.
- (2) Vi har Gud som ein å få si løn og si ros frå for fromme gjerningar.

- (3) Gud er også ein å ha tillit til når det gjeld framtida.
- (4) Eit fjerde poeng er mindre tydeleg, men ville antakeleg ha vorte oppfatta på Jesu tid. Eins sosiale status var sterkt påverka av kven som var eins far. Med Gud som far, får ein ein veldig *høg* status, sjønt den vert ikkje anerkjent i samfunnet generelt. Samtidig får alle Guds born også *lik* status. Der er ikkje noko hierarki, ingen som står over andre.

Hyklarane

Der er stadig ein brodd mot den religiøse eliten blant jødane. Eitt ord som vert brukt om dei, er det greske «hupokritai». Det vert gjerne sett om som «hyklarar». Men slik Matteus brukar det, hadde det kanskje passa betre å snakke om nokon som er sjølv gode. Dr Case-Winters snakkar om at det handlar om eit bedrag. Ein forsøkkjer å framstå overfor andre med ei from fasade.

Samtidig synest der også å ligge eit sjølvbedrag i det. Ein trur på andre menneske sin ros, og tenkkjer ut frå det at ein sjølv er rettferdig. «Gjennom fromme gjerningar overbeviser vi andre om at vi er rettferdige, og deira gode tru om oss forsterkar vår eiga tru på at vi er rettferdige.» Joh 5,44 seier: «de vil ha ære av kvarandre, men søkkjer ikkje ære frå den einaste Gud».

Som medisin mot dette, seier Jesus at vi skal la våre fromme gjerningar vere mest muleg usynlege, så berre Gud veit om dei. Gud kan gjerne få sjå dei, for Gud let seg ikkje bedra. Så vi viser fram våre fromme gjerningar til Gud, og overlet til Gud å dømme om kva slags ros og løn vi skal få.

3 fromme gjerningar

Dr Case-Winters bemerkar at ordet som er sett om som «from», er det greske «dikaiosynē», det same som i kapitlet før vart sett om som «rettferdig». Begge deler handlar om å gjere det som er rett. Der er ingen vesentleg skilnad mellom hengivnad til Gud, uttrykt ved gjerningar som er tilbeding av Gud, og gjerningar som uttrykkjer personleg integritet, rettferd og kjærleik overfor menneske; begge vert kalla «dikaiosynē».

Rettferd inneber ei reorientering av vårt forhold til Gud, til andre menneske individuelt, og til samfunnet. Vi får eit nytt såkalla «moralsk kompas».

Å innrette sitt liv etter dette moralske kompaset, er ei livslang oppgåve.

Kompas-nåla peikar mot likskap, gjensidigheit og deling av ressursar. Den vil rive ned patriarki, hierarki og ujamn fordeling.

Gåver til fattige

Gåver til fattige vert rekna som rettferd, det som er rett og rimeleg å gjere.

Det er ikkje godgjerenheit, men det er å gje dei fattige det dei eigentleg har krav på.

Dei fattige er ofte dei som har framskaffa ressursane som dei rike nyt godt av. Dette er eit perspektiv som synest hyperaktuelt i dag. Vi skulle ikkje berre gje privat, men arbeide for å minske gapet mellom fattig og rik.

Bøn

Jesus tek to negative eksempel når det gjeld bøn:

- Det er jødar som ber offentleg, for syns skuld. Vi kan heller be utan at andre høyrer oss, for Gud høyrer oss i alle fall. Men det ligg ikkje i dette at vi aldri skal be offentleg.
- Så er det heidningar som brukar mange ord. Dette er ikkje nødvendig, fordi Gud veit kva vi treng, og er omsorgsfull og treng ikkje overtalast.

Så kvifor ber vi i det heile teke? Det er ein evig diskusjon. Men det har nok noko med vårt forhold til Gud å gjere. Det styrkjer forholdet, og styrkjer vår tru. Vi treng å holde oss nær til Gud, og det gjer vi aller mest gjennom bøn.

Midt i det heile gjev Jesus mønsterbøna Vår Far, som eg skal kome tilbake til.

Faste

Faste heng nøye saman med å gjere rett mot fattige og undertrykte. Det er ikkje eit poeng i seg sjølv å avstå frå ting, men å gjere det for at andre skal få meir. Jesaja 58,6–7 seier:

Dette er fasta eg har valt:
å løysa urettferdige lenkjer,

sprengja banda i åket,
setja undertrykte fri
og å bryta kvart åk sund,
å dela ditt brød med svoltne
og la hjelpelause og heimlause koma i hus.
Du skal sjå til den nakne og kle han,
du skal ikkje snu ryggen til dine egne.

3 val mellom alternativ

Det neste vi får høyre, er at Jesus stiller oss overfor to slags skattar, to slags auger og to slags herrar. Alle 3 vala er antakeleg meinte å vere det same: Det er eit val mellom å la seg dominere av ynskje om eiga vinning, eller eit ynskje om å tene Gud. Og å tene Gud handlar stadig om å gje til andre som treng det meir.

- (1) Skattar i himmelen får ein ved å gje til andre. Dette let seg ikkje kombinere med å ville samle til seg sjølv.
- (2) Dette med auge er meir uklart, men antakeleg er eit sjukt auge eit grådig auge, medan det friske auget er generøst og gjev villig. Sirak 14,8–10: «Dei gjerrige har eit vondt blick, dei snur seg vekk og avviser andre. Dei som har grådige auger er aldri nøgde med sin del, og dei vonde si urettferd tørkar ut deira sjel. Eit misunneleg auge er gjerrig med sitt brød, og han er ein gniar ved sitt eige bord.»
- (3) Å tene Mammon, pengane sin gud, er uforeinleg med å tene den bibelske Gud.

3 bekymringar for framtida

Jesus seier at vi ikkje skal bekymre oss for 3 saker som gjeld framtida: liv og helse, klede, mat og drikke. Han argumenterer frå det mindre til det større: når Gud tek seg av dette for skapningane i naturen, skulle han ikkje då gjere det same for oss?

Jesus meiner neppe at vi ikkje skal planlegge og tenkje framover. Å planlegge er konstruktiv bekymring. Men ordet som er brukt for «bekymre», antydar ein

engstelse som gjer ein somnlaus. I 1 Makkabearbok 6,10 er det ein som seier: «Eg får ikke blund på augene; eg er nedbroten i sinnet av bekymring.» Slik bekymring er ikkje konstruktiv. Den utrettar ingenting godt, men gjer berre vondt verre.

Blant grekarane på Jesu tid, var der *to* filosofiske syn når det gjaldt framtida:

- (1) Stoikarane meinte at vi er i hendene på lagnaden; det som skjer er bestemt på førehand. Alt vi kan gjere er å møte det som alt er bestemt.
- (2) Epikurearane meinte at vi er i hendene på lukka. Vi er utsette for tilfeldigheitene sitt spel.

Reformatoren Jean Calvin protesterte mot begge desse syna. I staden for begge, er vi i hendene på ein kjærleg far. Vi skal sjå framover og planlegge, men vi gjer det i tillit til at ein kjærleg Gud er med oss. Det tyder ikkje at vi vert sparte for triste ting, men Gud vil gje oss styrke og hjelpe oss gjennom dei.

Mønsterbøna Vår Far

Matteus har plassert denne bøna midt i Bergpreika, den synest å utgjere eit sentrum.

Bøna opnar med å vende seg til «Vår Far i himmelen». Deretter kjem fyrst 3 delbøner som sentrerer om Gud, og 3 delbøner for oss sjølve. Vi vert viste at vi skal setje Gud fyrst.

3 poeng med kven bøna vender seg til:

- (1) Det er ikkje «min», men «vår» Far. Bøna brukar fleirtalspronomen heile vegen. Vi ber som del av eit fellesskap, bøna gjeld ikkje berre oss sjølve.
- (2) Vi ber til ein omsorgsfull far. I Markus-evangeliet ser vi at Jesus brukte det arameiske ordet «abba», eit ord som antyder ein intimitet med Gud. Dette var sjokkerande. Ein slik intimitet var berre muleg overfor ein verkeleg kjærleg far.
- (3) Denne far er «i himmelen». Sjølv om Gud er intim, så er Gud også høgt opphøgd, og mykje større enn vi kan fatte.

Bøna forutset vår eiga deltaking. Vi ber om at Guds namn skal verte heilagt, at Guds rike skal komme, og at Guds vilje skal råde på jorda slik som i himmelen. Då må vi også vere villige til å medvirke til det.

Vi ber om det daglege brød, ikkje berre for oss sjølve, men på vegne av fellesskapet. Då må vi også vere villige til å medvirke til at alle skal få dette.

Vi ber om tilgjeving, og hevdar at vi sjølve tilgjev andre. Då må vi også både tilgje og be om tilgjeving frå andre.

Vi ber om utfriing frå freisting. Då må vi vere villige til å motstå freisting, etter Jesu eksempel, og unngå å freiste andre.

Å tilgje andre

Matteus let Jesus legge ekstra vekt på dette med å tilgje. Å tilgje andre er ei forutsetning for at Gud skal tilgje oss.

Ein som har dette med at vi skal tilgje som det mest sentrale i si forkynning, er forfattaren R T Kendall. I sine mange bøker skriv han om fleire forskjellige emne; men same kva han skriv om, så kjem han tilbake til dette med tilgjeving.

Mange har vorte urolege over desse orda om tilgjeving, fordi det ser ut som om vår frelse er avhengig av at vi tilgjev. Denne oppfatninga har valda veldig mykje sjelekval gjennom tidene. Men dette er ei misforståing. Kendall peikar på at sjølv om vi bed om tilgjeving, så gjer vi det framleis til «vår far». Vi er altså stadig Guds born, sjølv om vi har behov for tilgjeving.

Det er ikkje slik at vi må vere tilgjevne for å vere Guds born og vere kristne. Det er omvendt: Vi må vere kristne for å verte tilgjevne. Om vi tilhøyrrer Jesus, så vert vi tilgjevne «for Jesu skuld».

Om vi ikkje tilgjev sjølve, så er vi stadig Guds born, og stadig på pilegrimsvandring mot det evige livet. Men vår mangel på tilgjeving gjer at det skyar over på vandringa, vi ser ikkje lenger Guds faderlege smil. Og det ynskjer vi sjølv sagt ikkje. Ved å tilgje, letnar skyene igjen. Gud tilgjev oss, og vi kan igjen vandre med Guds ansikt over oss.

Kva er det så å tilgje? Kendall ser tilgjeving som noko einsidig, som noko som hender inne i oss. Det handlar om at vi gjev opp bitre tankar og hemntørst. Men det handlar ikkje om at vi bagatelliserer det andre måtte ha gjort mot oss.

Tilgjeving, slik Kendall ser det, er heller ikkje forsoning. Forsoning er noko tosidig, det krev noko frå begge partar. Tilgjeving er eit nødvendig grunnlag for forsoning. Men ikkje alltid fører tilgjeving til slik forsoning.

Men bøna viser oss to ting: Som Guds born, med Gud som vår himmelske far, vil vi både ha behov for tilgjeving og for å tilgje. Vi har både såra andre og sjølve vorte såra. Jesus har ingen illusjonar om at vi skal vere perfekte. At vi sårar og vert såra vil vere sant om oss alle. Så vert spørsmålet kva vi gjer med det. Å be andre om tilgjeving er vanskeleg; å tilgje andre kan vere endå vanskelegare. Men det gjer oss veldig godt om vi klarer det, og det fylgjer velsigning med. Det er til vårt beste.

Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett nokre av dei tinga som Dr Case-Winters meiner er hovudtema:

- Godt nytt for fattige: Der er ei veldig sterk vekt på sosial rettferd. Vi vert formana til å vere med å omfordele ressursane, så alle får det dei treng.
- Der er stadig ein veldig tydeleg brodd mot den religiøse eliten.
- Jesus står framleis for ein svært høgverdig etikk som overgår alt jødane før hadde høyrte.

